

Uskedalsdagane - 40 år etter.

12.07.2016



Kåre Guddal hadde idé til og var ei drivkraft for Uskedalsdagane.

Det er mindre enn ein månad til storhendinga i bygda dei siste åra, Festidalen. Medan vi gleder oss til den, er det også tid for å mimra tilbake til den årlege storhendinga for nokre tiår sidan, Uskedalsdagane. Dei vart arrangert for første gong i 1976, altså for 40 år sidan, og heldt det gåande i ca.15 år.



Ivar Medås og Øystein Sunde var blant artistane.

Uskedalsdagane var ein god kombinasjon av ei stor varemesse og god underhaldning. Første åra var det også fiskekonkurranse. Uskedalen var tidleg ute med denne typen arrangement. Etterkvar kom det liknande dagar andre stader. Uskedalsdagane trekte eit svært stort publikum med mange tilreisande, og toppen vart nådd då 6000 var innom portane samstundes då Bobbysocks heldt konsert i 1985.

Det var svært mange som gjorde ein stor innsats for Uskedalsdagane, men ein person skil seg likevel ut. Det er Kåre Guddal som både hadde idéen, og som var drivkraft og 'general' for dagane gjennom mange år. Hans nærmeste medarbeidar gjennom desse åra var Britt Arnesen. Harald Sunde og Ivar B. Arnesen hadde også hovudleiaransvar for dagane i fleire år, medan fleire var 'Uskedalsdagggeneralar' i eit år. Vi nemner og at Torfinn Myklebust var redaktør for avis i samband med dagane, og sytte alltid for at ei velfylt avis vart sendt ut til eit stort område i forkant av dagane. Leohnard Eik var trufast som ansvarleg for lyden. I det heile var Uskedalsdagane eit storarrangement som heile bygda stod bak, men det var Uskedal idrettslag som stod som arrangør. Fleire namn hadde sikkert fortent å ha vore nemnt, men vi stoppar her i denne litt overfladiske omtalen.

Første Uskedalsdagane var i 1976. Helgheim og Sandakaien var base for varemessene og aktivitetane. Det var dans i Helgheim både fredag og laurdag, og musikken var ved den lokale dansegruppa Jan Malvins. Året etter vart arrangementet flytta til skulen, og det utvikla seg til ei stor varemesse med utstillarar både ute og inne i skulen. Underhaldarar vart artistar på nasjonalt nivå. Lista er kort sagt imponerande. Alle dei 'store' på den tida var på Uskedalsdagane. Her er eit utval:

- Country Snakes
- Lillian Askeland
- Bjøro Håland
- Ottar Bighand Johansen
- Anne Engh
- Vidar Lønn Arnesen
- Terje Tysland
- Trond Granlund
- Kari Svendsen
- Erik Bye og Willy Andresen
- Tre Busserulls
- Stanley Jakobsen
- Bjørn Eidsvåg
- Åge Aleksandersen
- Åge Samulesen

- Sputnik
- Øystein Sunde
- Ivar Medås
- Wenche Myhre
- Labbetuss(Geir Børrezen)
- Vazelina Bilophøggers
- Johannes Kleppevik
- Jørn Hoel
- Sverre Kjelsberg
- Steinar Albrigtsen
- og mange fleire.

Gullfuglen blei skoten i 1985. Då vart det skrive kontrakt med Bobbysocks. Like etter vann dei den norske finalen i Melodi Grand Prix, og noko seinare sikra dei den første norske sigeren i den internasjonale konkurransen. Dermed vart Uskedalen blant dei første som fekk besøk av stjernene etter den internasjonale storsigeren. Då var det 6000 publikummarar innanfor skulegjerdet! Litt dramatikk var det før dei kom fram til Uskedalen. Dei kom for seint til ferja i Skånevik. Der låg heldigvis snurparen Libas. Mannskapet tilbaud seg å frakta Hanne Krogh og Elisabeth Andreasson, og sette dei i land på Børnes kai. Dermed var den store stunda redda!!

Erik Bye og Willy Andresen måtte eit år steppa inn på kort varsel. Derfor kom dei med fly til Lønningsdalskaien. Då dei skulle reisa att, vart Bye ropa bort til Harald Nilsen. Harald sende så ei Åkrafjord spekepølse med Erik Bye, som var ein av Norges absolutt mest kjære artistar og TV-namn på den tida.

Etter konserten med Sputnik hugsar eg det var kø av vaksne damer i alder godt over gjennomsnittet. Dei skulle sikra seg autografen til Sputnik!

Dei fleste artistane kom til Uskedalen på landevegen, og eg minnest at vesle Kari Svendsen med banjoen kom trillande ned til skulen i den beige Ladaen sin.

Norges beste countryband på den tida Country Snakes sytte for både show og dansemusikk dei 4-5 første åra Uskdalsdagane vart arrangert på skulen. Dei var utvilsomt 'Uskdalsdagane-general' Kåre Guddal sitt favorittband! Dei hadde med seg landets beste countrypianarar som Lillian Askeland, Bjøro Håland og Ottar Bighand Johansen. Også steelgitaristen Egil Skjelnes frå Varaldsøy spela tidvis med dette bandet, og eg hugsar Bighand omtala han som Norges beste på det instrumentet.

Uskdalsdagane vart svært populære og trekte svært mykje folk. På dei store utedansane var det alltid mellom 1000 og 1500 billettar selde. Unnataket var eit år då det regna vekk, og besøket vart lågare. Det var også godt besøk på messeutstillingane og underhaldninga som varte frå torsdag til søndag. Inntektene var gode og danna grunnlaget for bygginga av både grusbanen og Aktivitetshuset. Også andre lag tente gode pengar. Musikklaget stod for drifta av campingen eit par år, noko som gav gode pengar i lagskassen. I tillegg til dei store artistane var det også lokal underhaldning. Musikklaget, skulemusikken og ulike turnngrupper var dei som fekk opptrer for eit stort publikum kvart år. Kunstnaren Sigrid Øyrehaugen hadde også si aller første utstilling i Helgheimskjellaren under Uskdalsdagane. Dette lokaket vart nytta av andre utstillarar andre år.

Utan at eg kjenner til eksakt grunn vart innhaldet i Uskdalsdagane endra rundt 1990. Dei prøvde seg med ei temamesse om Villmarksliv. Det slo aldri heilt an, og etter to år med det konseptet, var det slutt.

Nyleg fekk redaksjonen tilsendt nokre bilete frå Harald Sætre som han tok under Uskdalsdagane 1980. Desse kjem i spalta lesarbilete. Det er sikkert mange andre som har bilete frå desse dagane. Vi set stor pris på om de sender slike bilete til uskedalen.no@gmail.com. Uskdalsdagane er viktige i bygdehistorien vår. Dei sette verkeleg bygda vår på kartet. Sjølv no mange år etterpå, hender det at vi treffer på folk som fortel om besøk i bygda vår på desse dagane. Kanskje burde det vore gjort eit grundigare arbeid med å skriva ned Uskdalsdagane si historie?



Uskedalsdagane trekte mykje publikum.(1980)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Harald Sætre og Thor Inge Døssland